

## Den sjuande studieturen går til Krakow

17.09.2013

Ingen skal klage over at Humlepungen Bryggjarlag i Uskedalen ikkje held seg fagleg ajour. No ligg dei i startgropa for den sjuande studieturen til eit utland - på like mange år. Riktignok spanderar dei berre 4 dagar i Krakow med omegn, men dei forsikrar at dagane vil verta utnytta godt.



Urkjelda til pilsen var målet i 2006 Klikk så vert det skarpare

Reiseverksemda starta i 2004 med Londontur og 2 år etter sto Tsjekkia på lista. Så kom Dublin i 2008, Edinburgh i 2009, Bremen i 2010, København i 2011 og altså Krakow i 2013. Eigentleg var meininga at dei skulle ut på tur annakvart år, men alder og reiselyst fekk overtaket og så vart det ein tur stort sett kvart år.

- Og kvar har det faglege utbyttet vore størst? uskedalen.no spør Kristian Olav Bringedal.

- Eg må nok svara Tsjekkia, der vi mellom anna vitja urkjelda til pilsen i Plzen, Men også København var interessant, der vitja vi 2 mikrobryggeriar.

I Dublin var kulturen og då også drikkekulturen meir i fokus.

- Og no er bryggjarane godt rusta for turistmagneten Krakow, som mange meiner er Europas vakraste?

- Berre ein av oss har vore der før, men vi har i alle fall sikra oss ein skandinavisktalande guide. Vi legg sjølvstort stor vekt på Gamlebyen med torget Rynek og tek sikte på å vitja eitpar mikrobryggeriar. Men også utfluktar til saltgruvene og Auschwitz står på programmet, oppsummerar Bringedal

Dei som vert med denne gongen er Vidar Haugland, Reidar Myklebust, Bjarne Lilleaas, Magne Huglen, Kjell Yri, Kjell Magne Haugland, Geir Eidsvik og Kristian Olav Bringedal.

Av Ola Matti Mathisen